

**Strategi for forvaltning av hjort i
Sykkylven kommune 2024-2026
Vilt- og innlandsfiskenemnda**



Innleiing.

I samband med forskrift om hjorteforvaltning § 3 skal kommunane utarbeide ei målsetting for jaktbart hjortevilt.

«Kommunen skal vedta målsettingar for utviklingen av bestandene av elg, hjort, og rådyr der det er åpnet for jakt på arten(e). Måla skal blant annet ta hensyn til opplysninger om beitegrunnlag, bestandsutvikling, skader på jord- og skogbruk og omfanget av viltulykker på veg og bane.»

Prinsippa i Naturmangfaldlova §§ 8 til 12 skal leggst til grunn ved utøving av offentlig mynde som har innverknad på økosystem, naturtypar og artar.

Sykkylven vilt- og innlandsfiskenemnd har eit interkommunalt samarbeid med kommunane Stranda, Stordal og Norddal om så lik hjorteforvaltning som mogleg jf § 4 i forskrift om hjortevilt.

Hjorteviltet representerer felles verdiar og er derfor også fellesskapet sitt ansvar. I forskrift om forvaltning av hjortevilt § 14 står det;

«Alle vald som inngår i et bestandsplanområde skal skriftlig tilslutte seg en forpliktende samarbeidsavtale om bestandsforvaltningen. Bestandsplanområdet må tilfredsstillere arealkravet for å få godkjent bestandsplan, jf. § 19.»

Vidare står det i forskrift om forvaltning av hjortevilt;

§ 19: Kommunene kan godkjenne en flerårig, maksimalt 5-årig, bestandsplan for et vald eller et bestandsplanområde godkjent for jakt på elg og/eller hjort, og som disponerer et areal på minimum 20 ganger minstearealet. Planen skal inneholde målsetting for bestandsutviklingen og plan for den årlige avskytingen i antall, fordelt på alder og kjønn. Planens målsetting skal være i samsvar med kommunens mål for å bli godkjent, jf. § 3.

For bestandsplanområder skal planen beskrive hvordan ulike dyrekategorier i fellingskvoten årlig fordeles på de enkelte valdene. Når godkjent bestandsplan foreligger, skal kommunen gi en samlet fellingstillatelse for hele planperioden som valgfrie dyr.

Kommunen kan vedta å trekke godkjenningen tilbake og tildele ny fellingstillatelse ved vesentlig uforutsette endringer i bestanden i området eller ved vesentlige avvik fra godkjent bestandsplan, herunder avvik i forhold til årlig planlagt avskyting i antall, kjønn eller alder.»

1. Gjennomføre ei bestandsretta hjorteforvaltning

Ein skal søkje å ha eit uttak som er rett, både med omsyn på tal og kjønns- og aldersfordeling, ut frå den hjortestammen ein har i bygda. Dei 8 storvalda

gjennomfører årleg 2 teljingar samkøyrte med nabokommunar. Ein deler inn Sykkylven i 2 bestandsplansområde. Aust, med Ramstaddal & Nysætra, Søvikdal, Sentrum og Vikedalen storvald. Vest med Straumsdalen, Velledalen, Sørestranda og Hundeidvik storvald. Ein ynskjer å stabilisere høgste teljing i kvart av desse områda på 300-350 dyr.

Viltnemnda har ynskje å ha ein stabil andel av eldre bukk i kommunen i denne planperioden. Bukk: kolle forholdet bør ligge på 1:2 eller mindre. I Møre og Romsdal ligg det på 1: 1,7. I ein naturleg stamme med naturlege predatorar utan menneskeleg påverknad ligg bukk: kolle forholdet på ca. 1:1,3. Kolle lev nokre år lengre enn bukk i gjennomsnitt.

Storvaldsleiar rapporterer fellingsresultat med slaktevektliste til kommune ved jaktslutt. Storvalda skal føre fellingar på settogskutt.no.

Det er mykje godt samarbeid mellom jaktfelte i einskilde storvald, medan andre opererer meir eller mindre som før. Vilt- og innlandsfiskeremnda ynskjer å oppmode om enda meir positivt samarbeid mellom jaktfelte i dei ulike storvalda. Ein har sett kor godt dette fungerer einskilde plasser. Vilt- og innlandsfiskeremnda ynskjer at storvalda tildeler 80% av årleg kvote ved innleiing av jakta og held att 20% til dei som vert først ferdige. Dette sikrar at jakta kjem tidleg i gang og truleg vert avskytinga auka innanfor storvalda.

2. Oppretthalde beitekvaliteten i utmark

Vilt- og innlandsfiskeremnda ynskjer saman med storvalda å gjennomføre ei hjorteforvaltning som opprettheld beitekvaliteten i vinterbeiteområda. Vidare å byggje opp att beitekvalitetane i område med sterkt beitepress. Hjortestamma bør ikkje verte så stor slik at det går utover beitekvalitetane i utmarka og det biologiske mangfaldet. Hjorten er ein art i eit større økosystem og hjortedyra har stor innverknad på andre artar i naturen. Ein viser her særskild til naturmangfaldlova §§ 8-12 og skoglova.

3. Redusere skadar på innmark og skog

Storvalda har ansvaret med å fordele løyva slik at hjort som gjer stor skade på avling kan fellast der den gjer mest skade. Forskrift om forvaltning av hjortevilt opnar for geografisk differensiert forvaltning mellom og innan storvalda. Bestandsplanane må ta høgde for at fellingsløyve vert gitt der hjorten er i jaktfelte og kan fellast. Derfor bør storvalda halde att nokre løyver kvart år etter viltmemnda sitt skjønn jf t.d. **20 %**. Desse kan delast ut til jaktfelt som feller kvota raskt i områder der det er beiteskadar. Fleire av storvalda har gode ordningar på dette per i dag. Alle tildelingar skal ha eit definert fellingsløyve.

4. Oppnå ein sunnare hjortestamme

I dette ligg både ei gunstig kjønnsfordeling, aldersfordeling og høgare slaktevektar. Dette målast best gjennom stabile slaktevekter for kalvar og 1 1/2 åringar.

Hjort er mellomvert for hjernemakk. Denne er påvist i Sykkylven og Stranda kommunar. Det ser ut til at det har vore ei auke i førekomst av sjukdommen dei seinare åra, då spesielt på vestlandet med mykje hjort.

Parasitter og sjukdom har innverknad på husdyr og hjorten sjølv, med ein aukande andel sjuke dyr. Vilt- og innlandsfisknemnda tek bekymringa frå bondeorganisasjonane på alvor innanfor denne tematikken. Ein stabil hjortestamme vil vere positiv for hjorten sjølv og husdyra den deler utmarka med deler av året. Frå veterinærmedisinsk hald meiner dei at førekomsten av hjernemark og flåttrelaterte sjukdommar vil gå ned om hjortebestanden vert redusert.

5. Redusere Viltpåkøyrslar.

Viltpåkøyrslar er ein stor kostnad for samfunnet og representerer ei fare for folk sin tryggleik i trafikken. Det har store økonomiske konsekvensar og medføre dyrelidingar. Viltfondet dekker kostnader ein har med ettersøk og opprydding i samband med viltpåkøyrslar. Anna bruk av viltfondet skal handsamast av kommunen etter forskrift om kommunale viltfond. Målsetjinga er å halde hjortebestanden på eit nivå slik at trafikkskadar kan haldast på eit akseptabelt nivå. Ein skal unngå lagring av rundballar langs trafikkert veg jf veglova.

6. Krav til bestandsplanane: For åra 2024 - 2026

- 6.1. 40 % kalv retningsgivande
- 6.2. 30 % kolle retningsgivande
- 6.3. max. 15 % piggbukk
- 6.4. max. 15 % eldre bukk
- 6.5. Dette vert godkjend ned til 500 daa per dyr. Om einskilde storvald vil jakte på areal under 500 daa per dyr, vert det berre godkjend koller og kalv (50% og 50%).
- 6.6. 10% i kvar kategori kan overskridast årleg mot korrigering i planperioden.
- 6.7. Overføring av kvote mellom åra er maks 10% i planperioden.
- 6.8. Ved felling under 80% i perioden kan tildeling verte justert påfølgjande periode.
- 6.9. Ein oppmodar storvalda om å felle ca. 50% ungvokse av tildelte koller.
- 6.10. Bestandsplanane sin varigheit skal vere 3 år.
- 6.11. Manglande oppfyljing av punkta ovanfor kan medføre endra tildeling frå Vilt- og innlandsfiskeremnda eller omgjering av vedtak om godkjenning av bestandsplan.
- 6.12. Jaktfeltet som skyt den minste bukken får eit ekstra uavhengig bukkeløyve påfølgjande jakt sesong.
- 6.13. Storvalda vert sterkt oppmoda om fortløpande registrering av «sett og skutt».

7. Fellingsavgift – Viltfond

Fellingsavgift settast lik maksimal sats fastsett av miljødirektoratet. Fellingsavgifta går direkte til viltfondskontoen i kommunen. Dette er eit bunde fond jf forskrift om kommunale viltfond. Satsane vert indeksjustert årleg i samsvar med Miljødirektoratet. Den største utgiftsposten til viltfondet er ettersøk. Det er forventa at denne utgifta vil auke dei komande åra.